

MERETE ELIN KNUTSEN

Mobilnummer

412 19 641

E-postadresse

mereteek@hotmail.com

Kontonummer **** ** 44945**Vedtaksdato**

25.10.2023

Vedtaket er gjort av

Alver kommune

Søknadsdato

04.09.2023

Vår referanse

2023/5470, Agros 244766

Vedtak om tilskot til drenering av jordbruksjord

Samandrag: Alver kommune innvilgar inntil 12 000 kroner i tilskot til MERETE ELIN KNUTSEN for å drenere jordbruksjord. Frist for å gjennomføre tiltaket og rapportere er 30.10.2026.

Alver kommune viser til søknad av 04.09.2023.

MERETE ELIN KNUTSEN søker om tilskot til drenering av jordbruksjord på eigedommen med matrikelnummer 4631-150/3 for desse tiltaka i perioden 15.04.2024 – 15.05.2024:

- anna grøfting (usystematisk) – 200 lengdemeter, 1 dekar blir påverka

Grunngjeving for vedtaket

Føremålet med ordninga er å auke kvaliteten på tidlegare grøfta jordbruksjord ved å gje tilskot til drenering av dårleg drenert jord med potensial for auka jordbruksproduksjon og å redusere faren for erosjon og overflateavrenning av næringsstoff til vassdrag.

Etter [forskrift om tilskudd til drenering av jordbruksjord FOR-2013-06-25-769 \(heretter kalla dreneringsforskrifta\)](#) § 3, kan ein gje tilskot til eigaren av eller eit føretak som leiger tidlegare grøfta jordbruksareal, og som drenerer dette arealet. For planerte areal kan ein få tilskot til areal som ikkje tidlegare er grøfta. Du må ha plan for dreneringa med kart, skildring av tiltaket og kva verknad det vil ha på miljøet.

Du finn satsar og berekning i vedlegg til dette vedtaket.

Alver kommune innvilgar i samsvar med dreneringsforskrifta §4 inntil 12 000 kroner i tilskot til:

- anna grøfting (usystematisk) – 200 lengdemeter, 3 dekar blir påverka

Søknaden er vurdert etter naturmangfaldslova §§ 8 - 12 jf § 7. Kommunen har gjennomført søk i naturbasen og artsdatabasen. det er gjort funn av den raudlista sopparten rosakjøtriske der dreneringa er tenkt gjennomført. Saka har difor vore sendt på høyring til Statsforvaltaren for uttale. I e-post av 23.10.2023 har Statsforvaltaren konkludert med at dreneringa ikkje vil verke inn på sopparten i området. Dette då soppen er knytt opp til edelauskogen i nærleiken. Ein vil ikkje finne slik sopp der dreneringa skal gjennomførast. Dreneringsområdet ligg òg innanfor "Den indre farleia" som er eit "kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse". Kommunen meiner tiltaket ikkje vil

påverke denne registreringa negativt og har ikkje sendt søknaden på høyring til aktuelle kulturmynde.

Skulle det likevel dukke opp kulturminne under arbeidet, pliktar søkjar å melde frå til Vestland fylkeskommune, kulturavdelinga om dette. Ut frå denne vurderinga og det som kjem fram i søknaden, finn kommunen at kravet om kunnskapsgrunnlaget i naturmangfaldslova § 8 er godt nok til å fatte vedtak. Vidare er "føre-var" - prinsippet teke i vare med det kunnskapsgrunnlaget som ligg føre, slik intensjonane i naturmangfaldslova § 9 føreset. Vi kan heller ikkje sjå at den samla byrda for økosystemet er nemneverdig lidande, jf. naturmangfaldslova § 10. Tiltaket er avgrensa i omfang og gjev heller ikkje, etter kommunen sitt syn, nemneverdige ulemper og gjev slik sett best mogleg lokalisering jf. naturmangfaldslova §§ 11 og 12.

Innvilging av tilskot vil ikkje seie at tiltaket er godkjent ut frå andre regelverk, som til dømes plan- og bygningslova, kulturminnelova, naturmangfaldlova, vassressurslova og forureiningsforskrifta. Dersom tiltaket du no har fått tilskot til krev slik anna løyve, må du innhente dette før du går i gang med tiltaket.

Vilkår

Fristen for å gjennomføre tiltaket og rapportere er 30.10.2026. Dersom du ikkje held fristen, mistar du retten til tilskotet, jf. dreneringsforskrifta § 5.

Du skal melde frå til kommunen når du startar dreneringsarbeidet, slik at kommunen kan føre tilsyn med arbeidet.

Tilskotet er knytt til det tiltaket du har søkt om, og det arealet du har stadfesta i kartet som er lagt ved søknaden. Dersom du ønskjer å endre tiltaket eller plasseringa av grøftearealet, må kommunen godkjenne dette.

For at du skal ha rett til tilskot, kan ikkje tiltaket føre til vesentleg skade for ein annan eigedom og naturmangfald, vesentleg fare for flaum og vassforureining eller fare for skade på automatisk freda kulturminne. Tiltak som er sette i gang før tilskotet er innvilga, har heller ikkje rett til tilskot.

Det skal takast bilete før, under og etter endt arbeid. Bileta må syne kvar dreneringa er gjort og kva filtermasse som er brukt.

Bilag over materiale som er kjøpt inn må dokumenterast.

Det må førast timeliste over medgått arbeid.

Dersom du ikkje overheld vilkåra, kan du miste retten til tilskotet, jf. dreneringsforskrifta § 3.

Rapportering og utbetaling

Du skal etter at tiltaket er gjennomført, dokumentere grøftinga med eit grøftekart. Kartet skal vise målestokk og vere mellom 1:1 000 og 1:5 000. Grøftekartet skal vidare vise grøftene med merking av talet på meter og røyrdimensjoner for sugegrøfter og samlegrøfter. Kartet skal i tillegg vise opne grøfter med merking av talet på meter. Du skal også merkje av og angi koordinatar for utløp og kummar på kartet. Dette vil forenkla arbeidet med å kontrollere, dokumentere og halde grøftene ved like i ettertid.

For at kommunen skal kunne kontrollere tiltaket, må du sende melding om avslutta grøfting til kommunen før du set i gang med jordarbeiding.

Seinast 30.10.2026 ber du i [Altinn](#) Alver kommune om å få utbetalt tilskotet. Du skal nytte [dette rapporteringsskjemaet](#) som du også finn på www.landbruksdirektoraet.no. Du må dokumentere arbeidet som er gjort. Grøftekart i samsvar med krav til slike kart er nødvendig dokumentasjon. Aktuell tilleggsdokumentasjon kan til dømes vere:

- faktura frå entreprenør eller andre aktørar
- kvitteringar for innkjøp av røyr og anna materiell

Ved manglende eller mangelfull rapportering og dokumentasjon innanfor fristen, mistar du retten til tilskotet, jf. dreneringsforskrifta § 5.

Alver kommune betalar ut det innvilga tilskotet når tiltaket er utført og dokumentasjonen for tiltaket er godkjend. Alver kommune kan også betale ut tilskot på bakgrunn av godkjend dokumentasjon etter kvart som delar av tiltaket er utført.

Kontroll

Kommunen og statsforvaltaren kan gjennomføre kontroll etter dreneringsforskrifta § 8.

Avkorting og krav om tilbakebetaling

Feil i utbetalt tilskot kan rettast ved etterbetaling eller krav til mottakar om tilbakebetaling av utbetalt tilskot, jf. dreneringsforskrifta § 9.

Tilskotet kan også bli heilt eller delvis avkorta dersom mottakaren aktlaust eller forsettleg har gjeve feil opplysningar, eller etter forvaltningsvedtak eller dom aktlaust eller forsettleg har drive verksemd i strid med andre regelverk for jordbruksverksemd, jf. dreneringsforskrifta § 10.

Plikt til å varsle om freda kulturminne

Dersom [automatisk freda kulturminne](#) blir oppdaga medan tiltaket er i gang, skal fylkeskommunen /Sametinget varslast med ein gong, jf. kulturminnelova § 8 andre ledd. Arbeidet må også stansast dersom tiltaket kan øydeleggje kulturminnet ved at det blir skadd, dekt til, flytta eller på annan måte blir skjemt ut. Dersom du ikkje følgjer desse føresegnene, vil du ikkje ha rett til tilskot.

Klagerett

Du kan klage på dette vedtaket til Statsforvalteren i Vestland. Send klaga til Alver kommune. Vi vil sende saka vidare til Statsforvalteren i Vestland dersom vi ikkje gjer om vedtaket. Klagefristen er tre veker etter at du fekk dette brevet, jf. forvaltingslova § 29. Du kan også be om å få sjå dokumenta i saka, jf. forvaltingslova §§ 18 og 19.

Fagleg informasjon om drenering

På www.landbruksdirektoratet.no finn du fagleg informasjon om drenering av jordbruksjord.

Med helsing
for Alver kommune

Saksbehandla av: Svein Arne Vågane

Godkjent av: Laila Bjørge

Grunnlaget for vedtaket

Dersom opplysningane ikkje er dei same som i søknaden, finn du forklaring i fotnotane.

Søklar

04.07.1982, MERETE ELIN KNUTSEN

Landbrukseigedom

4631-150/3

Eg er

Eier

Tidlegare drenert eller planert

Arealet er tidlegare drenert

Tiltak ¹

Anna grøfting (usystematisk)

Løpemeter grøft: 200 meter

Berørt areal: 3 dekar

Type filtermateriale: singel

Mengde filtermateriale: 24 m³ per 100 meter grøft

Planlagt anleggsperiode

15.04.2024 – 15.05.2024

Totalt anslått kostnad for materialer og arbeid (eks. mva.)

100 000 kroner

Fotnotar til grunnlaget for vedtaket

1. Søklar har gjeve opp at dreneringa påverkar 1 da. Dette gjev maks kr. 4.000,- i tilskot. Etter å ha målt opp på kartet som var lagt ved søknaden kva område dreneringa påverkar, har kommunen kome fram til at det gjeld om lag 3 daa. 200m grøfting på 3 daa gjev maks kr. 12.000 i tilskot (kr 12.200 for meter grøfte avgrensa til 12.000 for 3 daa (maks kr 4.000/daa). Vi har difor auka arealet søknaden gjeld frå 1 da til 3 daa.

Korleis blir tilskot til drenering rekna ut?

Tilskot til drenering av jordbruksjord, avgrensa til systematisk grøfting, profilering og omgraving utgjer 4 000 kroner per dekar. Ved anna grøfting kan ein få 61 kroner per lengdemeter grøft avgrensa oppover til 4 000 kroner per dekar, jf. dreneringsforskrifta § 4.

Type tiltak	Drenert areal (dekar)	Kroner per dekar	Utrekna tilskot
Systematisk grøfting			
Profilering			
Omgraving			
Sum	0		0

Type tiltak	Lengdemeter grøft (meter)	Påverka areal (dekar)	Kroner per lengdemeter	Kroner per dekar	Utrekna tilskot
Anna grøfting (usystematisk)	200	3	61	4 000	12 000*
Avskjeringsgrøfting					
Sum	200	3			12 000

* Tilskotet til lengdemeter grøft er her avgrensa oppover til 4 000 kroner per dekar areal.

Utrekna tilskot: 12 000 kroner